

**Dristig overflyging i Uskedalen?**

18.08.2012

**Mange i Uskedalen var i ettermiddag klokka 16,35 vitne til ei overflyging dei oppfatta som dristig på ein dag då det store flystemnet på Stord vart avlyst på grunn av regn og tåke.**

**Eit fly kom frå sør og strauk over sentrum, gjorde fleire manøvrar, snudde og kom attende like lågt. Så strauk det over nedre del av Manen og forsvann mot sør. Under overflyginga var det lågt skydekke og skodda låg langt nede i lia.**

Måten flyet manøvrerte på tyda på at overflyginga var til ære for nokon i bygda, Det heile var over på eitt minutt.

Førebels har det ikkje lukkast oss å få nærare opplysningar om grunnen til overflyginga.

Seinare har uskedalen.no fått opplyst et overflyginga var til ære for brudeparet Kjetil Myklebust og Kari Isdal i Helgheim. Kjetil er bror av lufthamnsjef Jan Morten Myklebust som var den øverste ansvarlege for flydagen som måtte avlysast.

Til uskedalen.no uttrykker han ikveld glede over at det trass i vertilhøva var mogeleg å helsa brudeparet på denne måten og han oppfatta ikkje piloten sine manøvrar som spesielt dristige sjølv om han gjorde nokre rolls.

- Hadde manøvrane vore dristige, ville han neppe gått opp med flyet, seier Myklebust.

Flyet, som skulle ha vore med i stemnet, var eit eldre jagarfly, eit tsjekkiskprodusert L 29, som har vore nytta som øvingsfly. av mange land.- særleg av dei tidllegare landa i Warsawapakten. Truleg hadde Sovjetunionen så mange som 2000 slike fly, som også vart kalla Dolphin.

Flyet som var over Uskedalen var eit av dei som høyrer under Russian warbirds of Norway og det hadde norsk pilot.

Av Kristian Olav Bringedal og Ola Matti Mathisen